

Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 7. desember 2005.

Stad: Reknes Ungdomshus.

Til stades: 12 medlemmer.

1. Formalitetar

Noralv Bell frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Årsmøtet æra avdøde æresmedlem Otto Nygårdsvoll med 1 min. stillhet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Noralv Bell

Referentar: Jonn Nordbø og Sylvfest Bell

Protokollunderskrivarar: Irene Møllersen Bell og Randi Reppe Bell

2. Årsmeldingar

Randi R. Bell refererte årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Det vart notert 1 tilføyning. Under punktet "Utsendingar/deltakarar frå BUL på andre arrangement", skal også nemnast:

23.-26. juni: Landskappleik på Røros, 2 deltakarar.

Med denne endringa vart årsmeldinga godkjend.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Etter eitt spørsmål om utleige, vart årsmeldinga godkjend utan merknad.

Orientering om Reknes Ungdomshus

Byrge Fitje orienterte og svara på diverse spørsmål.

Årsmøtet tok pause, og mat vart servert.

4. Rekneskap for 2005

Rekneskapen var lagt ut i salen, og vart presentert av Arild Horrstad. Han svara også på diverse spørsmål. Atle Bell las revisjonsmeldinga. Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

5. Budsjett

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Noralv Bell presenterte forslaget. (Rekneskapen var ikkje tilgjengeleg når budsjettforslaget vart laga)

Det vart debatt om ulike budsjettpostar, og følgjande endringar vart gjort:

Kode	Beskrivelse	Kroner
310	Tilskot/kulturmidlar	5000
386	Renteinntekt	1000
400	Årspengar NU og RU	6500
461	Drift og vedlikehald Sollia	34000

Med desse endringane vart budsjettet vedteke.

6. Val

Atle Bell la fram innstilling frå valnemnda.

Arbeidsutvalet (AU)

Alle tok på seg attval. AU har då følgjande medlemmer:

Kirsten Aure (attval)

Noralv Bell (attval)

Randi Reppe Bell (attval)

Lars Staurset (attval)

Vara: Torill Steien (attval)

Alle desse vart valde for eitt år. AU konstituerer seg sjølv.

Hytteneimnda

Åse Marie Longva hadde sagt frå seg attval. Valnemnda innstilte på:

Arild Horrstad (2 år)

Ingeborg Kleivset (2 år)

Vara: Alf Kåre Nordhaug (attval)

Desse vart valde.

Noralv Bell og Sylvfest Bell var ikkje på val. I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef. Han er heller ikkje på val.

Revisorar

Bente Myklebust hadde sagt frå seg attval. Valnemnda innstilte på attval av Arild Jacobsen (ny vara: Marte Trondsen) og Bente Dyrnes (vara: Irene Møllersen Bell). Dette vart vedteke.

Valnemnd

Valnemnda innstilte på attval av Oddny Bell og Atle Bell. Dette vart vedteke.

7. Takk og ære

Ved møteslutt vart det delt ut påskjøningar:

Gåvekort og blomster til danserettleiar Irene Møllersen Bell.

Blomster til rekneskapsførar Arild Horrstad.

Molde januar 2006

Jonn Nordbø
(referent)

Sylvfest Bell
(referent)

Randi Reppe Bell
(protokollunderskrivar)

Irene Møllersen Bell
(protokollunderskrivar)